



Nr 3

2019

70. årgang

*Vi vil ynskja alle våre
lesarar ei velsigna jul
og eit godt nytt år!*

Ei krubbe for vår tid

Av fungerande biskop, domprost Gudmund Waaler

I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet.

Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg?

Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske?

Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skønne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.

Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag? Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg



Utsnitt av altarskapet i Mariakirken i Bergen. Foto: Hilde Smedstad Moore, Universitetet i Stavanger

mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes, eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje krevje, den kan berre komme oss i møte og seie; sjå her har eg kome deg så nær

som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfulgte. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søker han.

Og finner du ham i krybbens hø / som hyrder så, som hyrder så, / da eier du nok til freidig å dø / og leve på, og leve på.

(Jonas Dahl)

Framsdebiletet: I år er det mykje bær på fleire kristtorntré, slik som dette hos Kari og Audun Systad i Sørbovåg. Kristtorn er eit eviggrønt lauvtré, som er ganske varmekrevjande, og i Norge veks treet langs kysten frå Kragerø til Smøla. Treet veks opp til 15 cm kvart år, og kan bli opp til 10 meter høgt! Dei veks på solvarme, lune stader med næringsrik, laus og djup moldjord (kjelde Wikipedia). Namnet spelar på dette med tornekrona som Jesus bar på veg til Golgata. I ei legende heiter det at bæra var eigentleg kvite, men vart farga av Jesu blod. (Foto: Audun Systad)

FINT PREIKESTOLKLEDE TIL ØN KAPELL

Ein fin sommardag kjem det telefon frå Sandane til kontoret. Det er Gudny Eriksmoen, som bur der, men har hytte på Salbu, saman med mannen Dag Erik.

Han og Gudny tek gjerne turar til heimbygda hennar, Ho vart fødd her i 1937, yngst i barneflokket til Gina f. Gjertsen og Sverre Theodor Ulvik.

Det vi veit er at Gudny og har skrive eit fint hefte, med namnet «Kulturarv frå Åfjorden» Interesserte kan finne det på biblioteket på Hyllestad, og kanskje kjem det fleire innslag derifrå i bladet her.

Denne sommarsdagen har ho ei gåve til oss og Øn kapell. Det er eit fint grønt og kvitt preikestolklede.

Aslaug Gjertsen, som vi hugsar godt som taxisjåfør, dirigent, organist og mykje anna, har laga botn til fileringsarbeidet. Ho var tante til Gudny. Ho sjølv, Gudny Eriksmoen, har utført dette fileringsarbeidet. Anne Dagrund Pedersen, hennar dotter, har laga utkast til motiv.



Så her er fleire generasjonar i arbeid!

Tanken er no at dette skal få plass i Øn kapell, på prekestolen der. Det høver godt i dette rommet! Svært vakkert!

Så skulle vi gjerne hatt Gudny med på ei lita markering av dette. På vinteren ønskjer dei ikkje

å ta ut med bil, seier Gudny. Då finn vi ein dato litt seinare, seier eg. Så vert det 2.pinsedag 1.juni kl. 16. Då får vi ei markering i Øn kapell! Meir informasjon seinare!

A.S.

STUDIEPERMISJON FOR AUDUN SYSTAD – TEMA OM STEINKROSSANE FRÅ HYLLESTAD

Etterutdanningsutvalet i bispedømet har og no innvilga ein søknad frå soknepresten i Hyllestad om eit studieprosjekt i 2020: Tema er: «Steinkrossane frå Hyllestad - uttrykk for makt eller religiøs overtyding?»

Den som kanskje har gjort det mest banebrytande arbeidet her i Norge er tidlegare biskop i Oslo-biskop Fridtjov Birkeli: «Norske steinkors i tidleg middelalder – Et bidrag til belysning av overgangen frå norrøn religion til kristendom» (1973).

På Hyllestadseminaret i 2004 var ein av bidragsytarane førsteamanuensis Jan Schumaacher ved MF, med dette foredraget: «Kva tyder desse steinane?» Om steinkorsene i lys av den kristne tradisjon.»

Permisjonen skal takast ut slik - våren 2020:

JANUAR: 2.-12:

MARS: VEKE 12

Tilsaman 6 veke

FEBRUAR: VEKE 7 :

JUNI: 2.-21. JUNI

BERTINE ØVREÅS – MED K



Ho har venta litt på meg, og er klar med kaffi, vaflar og godt syltetøy, då eg kjem til Botnen ein augustdag. Heile 99 år fylte Bertine 8.april, og det går gjetord om hennar klåre tanke og gode form i denne høge alderen.

Starten hennar i livet, var derimot ikkje så rett fram. Mor hennar, som og heitte Bertine vart sjuk. Ho hadde klemd ei hofte der det sette seg kreft, og døydde då vesle Bertine berre var 4 månader. Ho vart døypt på sjukehuset, og seinare velsigna i Alversund kyrkje. Jentenamnet hennar var Litleskare, og ho kom frå Alversund.

Far hennar var Oskar Litleskare. Han gifte seg seinare med ei søster av første kona, og med henne fekk han 5 born. 99-årige Bertine er no den siste attlevande av heile den samla flokken.

Til Hyllestad

Då Bertine berre var lita jente kom ho hit til Hyllestad. Her hadde ho slekt. Det var Ragnhild Berge som var fødd Alver og gift med Anders Berge. Dei budde på Storegjerdet, høgt og fritt over Åfjorden, men veglaust. Her fekk då Bertine trå sine barne-sko, og om det mange gonger var strevsamt, fekk ho staden kjær, og sørgjer eigentleg over at det ikkje bur nokon der i dag. Ho vart glad i naturen, og ferdast kring marker og haugar. Minna er mange og gode.

Sørefjord skule

Til skulen, borte i Sørefjorden, vart det ein veg å gå, ja faktisk ein time. Ho har særsgode minner etter læraren sin, Gjertrud Ytrefjord, som ho hadde alle 7 åra. Ho var flink, rettferdig og gjorde ikkje skil-

nad på nokon. At Bertine hugsar detaljar frå skulerommet, kor dei sette sko og klede, og korleis det såg ut elles, understrekar hennar gode minne. Om hausten og vinteren kunne det ofte vere kaldt.


Ho fortel og at ho hadde sjølv lyst å bli lærar, men det var ei tid utan dei høve som er i dag. Kanskje var eg ikkje tolmodig nok og, undrar ho og ler.

Lang veg til Sørbøvåg
Bertine hugsar og at ho mange gonger vart send heimanfrå med ærend ute i Sørbøvåg. Der hadde dei heime kontaktar, og noko slekt, mellom anna og på Hatlem. Det var lang veg å gå, men det bar av garde på treskoa utover stranda. Det vart turar både til butikk og bakeri, og andre ærend. Ho tek fram dette som gode minne frå tidlege barneår.

Oldefar Jon Alver var kyrkjebyggjar

Då vi hadde 150-årsjubileet i fjor i Bø kyrkje, kom det fram at det var oldefar til Bertine, Jon Jonsen Alver, som hadde bygd kyrkja der i 1868. Det var den første av ei stor rekkje kyrkjer han bygde: Kyrkjebø (1869), Hauge i Lærdal (1869), Guddal (1870), Vinje og Oppheim (Voss) i 1871, Leikanger Ombygd- (1872); Hordabø i Radøy (1875), Hjelme i Øygarden (1875), Hyllestad (1880), Fet kyrkje i Luster (1894). Den vart vigsla i 1894, året etter Jon døydde. For min eigen del kan eg legge til at i den kyrkja fekk eg tenestegjere som prest dei første åra, frå 1984, og i 1994 hadde vi 100-årsmarkering for denne kyrkja. Jon Jonsen Alver var i sanning ein ivrig kyrkjebyggjar, og familien har skaffa oss dette oversynet.

KLÅR TANKE I HØG ALDER



Vårvon

I veska denne dagen, har eg teke med meg ein gammal, brun protokoll frå kyrkjekontoret, og Bertine blir svært interessert, då ho skjønar den er frå «Vårvon», ungdomslaget som held til i prestegarden på Hyllestad. Det var sokneprest Johan Løken, som hadde teke initiativ til denne, og han hadde ofte talar og foredrag om interessante emne. Den tettskrevne protokollen med mange fine dikt og forteljingar er frå åra 1935-1937, altså tre år. Mange unge deltok. Under eit av stykka står det bladstyrar Bertine Litleskare. Dei har nok lese opp nokre av dikta og forteljingane i laget. Kvar dei er henta frå, seier ikkje referata noko

om, men kanskje nokre er skrivne av bladstyrarane sjølve? Ho hugar brødrene Hans og Gunnar Bringeland som sær gode sangarar frå denne tida. Elles hadde sokneprest Løken ofte foredrag og talar om eit emne til dei unge. Eit sær fint minne hugsar og Bertine frå dette laget. Dei hadde ein utflykt med båt heilt ut til Alden, det var sommaren 1936. Bertine talar varmt om denne turen. Frå denne protokollen til «Vårvon» må det bli fleire glimt i bladet framover.

Mange år i Botnen

Det har gått eit par mannsaldrar og meir enn det sidan Bertine kom til Markhus som tenestejente. Så trefte ho Magnus Øvreås, og vart gift til Botnen. Ho hugsar mykje frå dei yngre åra som tenestejente. For meg som er kommen på besøk, er det artig å høyre minne frå stølen, Dalsstølen, der mi slekt ættar frå. Bertine snakkar om Lybak-jentene Aslaug og Marta, og Øvreåsjentene, Ingeborg og Sigrid, som var mi eiga mor. Dei var på ferie der om somrane, og var budeier på stølen. Bertine fortel at

Dalsstølane vart ein samlingsplass for dei yngre. Det kunne vere mykje moro. «Hos Sigrid var det liv i alle endar», fortel ho. Noko spesielt? Nei, berre dette at minna var veldig gode frå denne tida!

Mannen Magnus var mykje ute på ymse anlegg både på Tyin, Vikafjellet og i Osa i Ulvik. Det kunne gå ei tid mellom kvar gong han var heime, og Bertine hadde ansvar for hus og heim. Det har gått 40 år sidan han døyde no, 63 år gammal.

Bertine gleder seg over ein stor familie, med mange barnebarn og oldebarn, og også fleire tippoldebarn! Den eldste av dei vart konfirmert no i vår. Dei er flinke å komme på besøk, fortel Bertine.

Ho er glad for å bu i Botnen, og vil gjerne gjere det så lenge ho kan. Ho sit i stova si og speidar opp mot fjellet Hesjetinden. Det er ikkje så få som parkerer i tunet der, når dei skal på tur. Ein går der mest dagleg, og det er Steinar (Urnes). Ho passar på at han kjem vel tilbake! Så har eg høyrte noko som eg må spørje er sant? Om Bertine såg ulven no i vår? Ja, fortel ho, eg såg han framfor Steinar. Han gjekk på snøen, og då Steinar nærma seg berre passerte han forbi lengre framme! Alt dette kunne ho følgje med på i kikerten. Ho synst det er litt spesielt at det er ulv no, og ikkje då ho gjette dyra på stølane i sin ungdom!

Så er stunda over der hos Bertine. Det har minka mykje på vaflane, og syltetøyet ho har laga sjølv, er det berre litt igjen av. Eg takkar for ei triveleg stund med mange fine minne ein kan ta med i bladet vårt.

A.S



Tekst:Foto: Espen Nytingnes.

Marit Østbye - bio

Marit Østbye (1948) debuterte på Nationaltheatret i 1971. Sidan den gong har ho arbeidd ved ei rekkje teater, blant anna Den Nationale Scene, Fjensynsteateret, Rogaland Teater, Trøndelag Teater og Riksteateret. Marit Østbye har vore på Sogn og Fjordane Teater ved fleire høve, både med «Dama i luka» (2011) og «Eg er i går» (2018). Østbye har også medverka i fleire TV- og filmproduksjonar.

I 2015 vart Østbye nominert til den gjevaste prisen ein kan få i teater Norge: Heddaprisen, i kategorien beste kvinnelege skodespelar for rolla som Helen i «Fravær» på Oslo Nye Teater. I 2016 debuterte Marit Østbye som regissør. Dette var ved Sogn og Fjordane Teater på den første delen av Håvard Rem

”Moren – Påskeevangeliet” av Håvard Rem,

Framsyning i Hyllestad kyrkje fredag 20.mars 2020.
(Klokkeslett vert kunngjort seinare.)

www.softeater.no

sin trilogi: ”Miriam si forteljing”. Ho hadde også regi del to, som var «Maria Magdalena – Jesu virke». No skal Østbye sjølv drive denne siste monologen i trilogien fram: «Moren – Påskeevangeliet», saman med regissør Bodil Kvamme. For tida jobbar Marit Østbye på Oslo Nye Teater med framsyninga Marjorie Prime, som har premiere i september 2019.

”Moren – Påskeevangeliet” av Håvard Rem

Historia om Jesus har alltid blitt fortald av menn, men historia rommar også mange kvinner som stod ham nær. Det er desse kvinnene Håvard Rem har gitt stemme til. Det er hans forteljingar om evangelia, som ligg til grunn for dei tre monologane. »Juleevangeliet – Miriam si forteljing» var den første framsyninga Sogn og Fjordane Teater sette opp i 2016, deretter i 2018 kom «Maria Magdalena – Jesu virke». I 2020 kjem framsyninga «Moren – Påskeevangeliet» som er nummer tre i denne teatertriptykon. Her har tre kvinner har gitt sin versjon av forteljinga om Messias.

I framsyninga «Moren – Påskeevangeliet» er det Maria, Jesu mor, spelt av Marit Østbye, som fører ordet. Vi møter ei mor som har sett sin son døyd på korset, på same måte som ho 20 år tidlegare såg bror sin døyd på korset. Det er dagen etter korsfestinga.

”Eg har sett son min døyd. Eg sto der – på lang avstand – til dei kom og tok han ned. Eg trur det var han. I går. Vi vart fortalde at ein av dei mest mektige mennene i landet kom med

tenarane sine og tok han ned. Frå korset. Josef frå Arimatea. Minister. Eg har aldri sett ein minister. Han sveipte han i eit linklede, vart det sagt, og la han i ei grav han hadde kjøpt til seg sjølv. Her i Jerusalem.”

I denne monologen minnast, Maria, Jesu mor, sonen sin, hans liv og virke. Ho minnast innmarsjen i Jerusalem, med dei tusenvis av tilhengjarane som drog inn i byen saman med han og dei tusenvis som tok i mot han:

”Yeshua! ropte dei. Jesus! Yeshua bar Abba! Opphøg han! Og alle visste kva dei meinte med det: Opphøg han! Sett han opp på trona! Gjer han til konge! Yeshua bar Abba!”

Maria minnast og påskeveka, opprøret på tempelplassen, påskemåltidet - det siste måltid, arrestasjonen og korsfestinga.

Ei mor;

”Eg så han berre som ein silhuett på ei høgde.

Det mørkna. Det var ikkje meir å sjå. Men eg synes eg høyrde skrik.

Det var i går. Det byrjar å lysne. Eg har ikkje sove. Eg har tenkt og tenkt. Det er så mykje eg ikkje forstår.”

”Moren - Påskeevangeliet”, den tredje monologen av Håvard Rem sin trilogi om Messias, skal synast i ulike kyrkjer i Sogn og Fjordane fram mot påske og inn i den stille veka.

Takk til prostiprest Stein Oltedal!

Stein Oltedal vart tilsett som prostiprest i Sunnfjord prosti i 2003 og sluttar i tenesta som prest når han fyller 67 år 28. oktober 2019. Han er busett i Naustdal og har i denne perioden vore knytt til den kyrkjelege staben i Førde og hatt eit særskilt ansvar for Holsen og Haukedalen sokn. I tillegg har han vore tilgjengeleg for einskilte teneste kring om i heile Sunnfjord. Det er ei glede å samarbeide med Stein og godt for ein prost å ha ein så tenestevillig medarbeidar til å ta på seg oppdrag. Mange har blitt godt kjent med Stein og opplevd seg sett og verdsett. Takk for lang og trufast teneste som prest i Sunnfjord. Vi er fleire som ønskjer han alt godt som pensjonert prest.

*Reidar Knapstad
Prosten i Sunnfjord*



Velkommen til prostiprest Runar Matsui-Li!

Runar Matsui-Li er av Bjørgvin bispedømmeråd tilsett som prostiprest i Sunnfjord frå 1. oktober 2019. Han er busett på Kyrkjebø og held fram som sokneprest fram til årsskiftet 2020 og har ansvar for konfirmantane i Høyanger sokn og Kyrkjebø sokn til ny sokneprest vert tilsett i Høyanger. Før Runar blei sokneprest i Høyanger, gjorde han teneste som misjonær i Japan. Vi ønskjer den nye prostipresten velkommen til samarbeid med medarbeidar og kyrkjelydar kring om i heile Sunnfjord prosti!

*Reidar Knapstad
Prosten i Sunnfjord*





FIN AUGUSTSØNDAG VED HAVØRNBAUTAEN I LIFJORDEN

Sjølvs om det kom litt skyer søndag 4. august, vart det ein fin dag, då vi samlast på Risneshaugane ved Havørnbautaen. Skodda dekkja fjellet då vi var samla til friluftsgudsteneste. Kanskje var det nett slik den 16. juni 1936, då den første flyulykka i Norge i passasjertrafikk fann stad. Det var ein fin flokk samla, mellom 40 og 50, og temperaturen var god. Folk frå det lokale grendalaget sytte for svært god servering, med kake og kringle, og ein gav seg god tid i etterkant. Dette ville vere ein fin plass å kunne ha til dømes ein friluftskonert, kanskje med ein trompet som ljoma i den storslåtte natruen! Elles gjekk det fint med orgelet Erling hadde teke med, og det var frå unge til eldre som deltok.

Det var nokre tilstades der, som hugsa flyulykka: Leif Hovland,



no busett ved Bergen, fortalte litt i etterkant om opplevingane sine til nokre av oss. Han er no 93 år, og var berre 10 år den gongen. Han låg og sov, men vakna av lyden at det

var noko som føregjekk. Han sprang opp i marka, og fekk sjå svært sterke syn der! Å sjå bensinstripa som rann nedetter fjellveggen var no ein ting, verre var det å sjå flyrestane og og nokre av passasjerane- det har prenta seg fast i eit ungT gutesinn! Leif var nok ein av dei første som kom til, men snart var det mange. Dei vaksne bad borna om å gå heim. Ei lang tid låg framfor, med undersøkjingar og meldingar om det som hadde skjedd. Det var fleire unge ressurssterke menn og kvinner som omkom. Ein av dei beste klatrarane i Norge var med.

Borgny Hatlem som var 3 år yngre enn Leif, fortel at ho og hugsa hendingane, men var ikkje oppe til flyrestane. Det gjorde i alle høve eit sterkt inntrykk det som prega bygda framover. I gudstenesta vart det nemnt

det ordet som står på støtta frå

1. Kor.13.13:

«Tru, von og kjærleik, men størst av alt er kjærleiken»

Støtta vart sett opp i 2008, og det står: «Til ære for dei omkomne og deltakarane i det vanskelege rednings- og hjelpearbeidet.»



KULTURSKULEKONSERT I HYLLESTAD KYRKJE 4.NOVEMBER

Det var full kyrkje, då kulturskulen inviterte til konsert første måndag i november. Takk for ein fin og allsidig konsert! Er so kjekt å

sjå våre flotte born og unge få utfalda seg. Imponerende formidling. På bileta ser vi nokre glimt av den fine medverknaden.



KONFIRMANTAR I HYLLESTAD

Det er ei fin konfirmantflokk i Hyllestad dette året, med i alt 18 , og med 6 frå Lavik er det 24. Det starta med kick-off på Hyllestad torsdag 29.august. Dei fleste timar har vore i Hyllestad kyrkje.

3.oktober var det ei «pilgrimsvandring», FØRST TIL Kvernsteinsparken og så til Hyllestad gamle kyrkjegard, som har krossar som er nokre av dei eldste i landet.

Pilgrim- å vere undervegs mot eit heilagt mål. Pilgrim- tyder framand, ein oppdagar noko nytt, om seg sjølv, om livet og om Gud. For somme er sjølve vandrainga den viktigaste, medan andre er meir opptekne av målet.

Dette var litt av det vi hadde denne nydelege haustdagen i oktober.

Fredag 25.oktober var konfirmantane med på natt-cup i Førde med hundrevis av andre i same alder frå Sunnfjord og Ytre Sogn. Dei tok med premie heim, for å ha samla inn mest til global-aksjonen. Takk til foreldre Idar Skaar, Anette Bøe Wolff og Elin Brekke, samt Fredrik Olsen Høie som hjalp til!

Dei som går i konfirmantundervisning frå Hyllestad er:

- Lea Ytredal Akse
- Viljar Glavær Akse
- Mathea Bråstad
- Tuva Bråstad
- Ole-Johan Dale
- Andrea Ulvik Fleten
- Ingelin Hyllestad
- Isak Pedersen Johannessen
- Juni Langedal
- Matilde Forthun Lekva
- Sivert Offerdal Lien
- Ann Charlott Pedersen
- Ine Elise Pedersen
- Robin Boge Skaar
- Håvard Bakkebø Tonning
- Oliver Wolff
- Ayla Kristin Fladhammer Cirkic
- Marcus Lundahl

DATOAR FOR KONFIRMASJON 2020:

Bø kyrkje: 26.april;

Hyllestad kyrkje: 3.mai ,

Øn kyrkje: 10.mai

Sjå på bileta frå konfirmanthausten og nattcupen!



AD 2019-2020



KJEKK MARKERING FOR 50-ÅRS-KONFIRMANTANE 18.AUGUST

Denne søndagen samlast om lag halvparten av dei som vart konfirmerte i 1969 i kyrkjene i Hyllestad. Dei er historiske i og med at dette var første kullet som hadde konfirmasjon om våren/tidleg sommar her i prestegjeldet: 8.juni i Øn kyrkje; 15.juni i Hyllestad kyrkje og 6.juli i Bø kyrkje. Under presentasjonen i gudstenesta fekk vi og vite at dei var dei første som hadde kappar her. Dei var flotte i heilt nye, kvite kappar. Aud hugsar at dei vart strokne i heimen, og at dei synst dette var stas. Det var Svend J. Jensen som var sokneprest den gongen, og dei hadde samlingar gjennom året, og ikkje om sommaren slik det var tidlegare. Dei minnst ei kjekk tid, og fint var det å kunne treffast no. Etter gudstenesta var det samling på Hotel Sognefjord i Leirvik.



På biletet ser vi frå venstre (brukar jentenamnet til damene):
Aud Nordbø, Solfrid Horne, Grete Heimark,
Kjellaug Øen, Bjørg Gunvor Grimelid,
Leif Arthur Systaddal, Anne Britt Lekva,
Lill Mari Hatlem, Norvald Hellem,
Henry Magne Rønneseth, Tone Sognnæs og
prest Audun Systad.

Kyrkjelydsbasaren 2019



Årets basar var triveleg, som vanleg. ☺ Omlag 80 personar fann vegen til Hyllestad kyrkje, trass i at det var opning av dagsturhytta og, denne dagen. Vonaleg fekk båe arrangementa god oppslutnad.

Etter ei kort liturgisk opning vart det gamle soknerådet takka av, samt det nye soknerådet presentert.

Hyllestad sokneråd 2019-2023

Faste medlemer:

Linda Ølmheim

Reidun Skår

Steinar Urnes

Anny Dale Fureli

Liv Synnøve Andersen

Brit Inger Skaar

Varamedlemer:

1. Atle Tønning

2. Odd Takle

3. Magnhild Hofland

4. Kurt Arve Kjos

5. Rune Risnes



Det var seks frå «gamalt» sokneråd som møtte og fekk takk og blome; Marion Brendehaug, Jostein Ryland, Brit Inger Skaar, Reidun Skår, Unni Systaddal og Steinar Urnes.



Det var seks frå nytt sokneråd som møtte og vart ønskt velkomen og fekk kvar si raud rose; Brit Inger Skaar, Reidun Skår og Steinar Urnes, attvalde frå «gamalt» råd, Liv Synnøve Andersen, Anny Dale Fureli, Linda Ølmheim og Magnhild Ness Hofland (3. vara).



Konfirmantane har som fast oppgåve å ta seg av åresalet, noko dei klarde godt. Etter 4 åresal vart det ei økt med mat og kaffi, der drøsen kring borda gjekk livleg. Kort sagt; God Stemning! Loddbøker vart trekt og vinstar delt ut/vidareformidla. Totalt kom det inn nær kr. 55.800,- til barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, noko som må seiast vera sær sars bra! Takk til alle loddkjøparar, loddseljarar, vinst-leverandørar og matleverandørar for all deltaking!



FIN SONGKVELD I ØN KYRKJE 11.NOVEMBER

Koret Fjordlang har øvingskveld om måndagar, og denne måndagen i november la dei øving-skvelden til Øn kyrkje.

Dei fekk med alle på «Sommerfuggel i vinterland» i starten, og sang »Himmelhøge sti» og «Eit lite barn voks opp til mann (Den fattige Gud) av Edvard Hoem (Salmeboka 740) i

første avdeling. På repertoaret var og «Kom næra mig» og «Soon and very soon»; den friske gospel-sangen som dei og fekk dei frammøte med på. Erling Akse spelte til nokre av allsongane og hadde egne stykke på orgel.

Audun Systad sa litt om allsongane, og fleire av dei kom under det som står med innhald «Guds omsorg» i Salmeboka frå 2013. Ein av dei er salmen «Nu vill jag sjunga om modersvingen» med ny melodi av Carola Häggkvist. (Norsk Salmebok 316). Det er den kjente Lina Sandell som har skrive den. Teksten får fram eit gudsbilde der Gud som ei omsorgsfull mor, har sin plass. Jfr. Matteus.23. Tekstmeditasjonen denne kvelden var frå forteljinga i Luk.10 om «Den miskunnsame samaritanen», i den andakten vart og koret sin song «Kom næra mig», nemnd.

Som postludium song Fjordklang «The music's always there.» Dirigent Hanne- Margrete Heia Dybvik, leia det heile med stødig hand, og ho

spelte og på piano til allsongen NoS 832: «Jeg synger meg en blå, blå salme» (Erik Bye og Henning Sommerro). Det vanka fine tulipanar til dirgenten, på vegne av koret, for fin medverknad. Vi kunne nok vore fleire denne kvelden, men det freista likevel å ha fleire slike kveldar etter responsen.

Religionsredaktør Alf Gjøsund i Vårt Land skriv dette i verdidebatt 27.aug.2018:

Mitt eget forhold til far var problematisk. Han skapte ingen trygghet i livet mitt. Stort sett var han fraværende, unntatt når han straffet. Oppveksten handlet om å gjøre ham fornøyd. Det var en umulig oppgave.

Men jeg hadde et nært forhold til Lina Sandells tekster. En av dem heter Moders-vingen. 15 år før den fikk plass i Norsk salmebok sang Carola den på et album fra Kirkelig kulturverksted.

Utrykket «modersvingen» er litt rart. Det er hentet fra Matteus 23: «Hvor ofte ville jeg ikke samle barna dine som en høne samler kyllingene under vingene sine.» Også i Det gamle testamentet kan du lese om å søke tilflukt under Guds vinger. Da jeg første gang hørte Carola synge salmen, kjente jeg det fysisk i kroppen.



MODERS-VINGEN

Nu vill jag sjunga om moders-vingen,
Som mig betäcker i nödens strid,
Nu vill jag vila vid moders hjärta,
Där blir jag stilla, där får jag frid.

Det modershjärta har ej sin like,
I trofast kärlek det ser jag nog,
Vem fattar höjden, vem mäter djupet,
Utav den kärlek som för oss dog.

Ty jag vill glömma all livets smärta,
All tidens oro, allt jordens ve,
Och tyst mig gömma blott vid det hjärta,
Vars nåd och huldhet jag nu fått se,

Det modershjärta har ej sitt like,
I trofast kärlek det ser jag nog,
Vem fattar höjden, vem mäter djupet,
Utav den kärlek som för oss dog.

Det modershjärta har ej sitt like,
I trofast kärlek det ser jag nog,
Vem fattar höjden, vem mäter djupet,
Utav den kärlek som för oss dog.



Vi tek og med teksten til den fine svenske sangen

Kom nära mig

kom nära mig du mänskobarn, kom nära mig.
Du finner vila i min famn, kom nära mig
Jag skapat himmel hav och jord och dukar nu för
dig mitt bord.
Kom nära du som hungrar jag vill mätta dig.

Kom nära du som tveksam är, kom nära mig.
Du som ej vet vart vägen bär, kom nära mig.
Ett evigt liv jag dig beskär, till himmelen jag vägen är.
Kom nära mig du tvivlande, kom nära mig.

Kom nära du som sorgsen är, kom nära mig.
Du som på tunga bördor bär, kom nära mig.
Jag bar en gång ett kors för dig. Så innerligt jag
älskar dig.
Kom nära mig, min vän och jag skall bära dig.

Kom nära du som slagen är, kom nära mig.
Du som av synd bedragen är, kom nära mig.
Jag känner dig och har dig kär. Se mina händer
märken bär.
Kom nära mig min vän och jag skall hela dig.

Vill du till himlen nå en gång, kom nära mig.
vill du ta del i Lammets sång, kom nära mig.
Vill du stå brud i himmelen, så ikläd dig försoningen.
Då skall för evigt du få vara nära mig.

~Lennart Jakobsson~

103-ÅRING I KYRKJA DÅ TIPPOLDEBARNET VART DØYPT

Det er nok på ingen måte sjølvsagt at ein 103-åring kjem i dåpen til tippoldebarnet sitt. Det skjedde likevel 17.november i Hyllestad kyrkje. Den eldste i Hyllestad, Jenny Tveito, fødd i juli 1916, kom og var med. På biletet ser vi henne og tippoldebarnet Viktor etter gudstenesta. Jenny var forresten med tidlegare denne hausten på gudstenesta i Øn kyrkje. Då var det Margit Hatlem, som sørga for at ho kom seg frå Eiklund omsorgssenter og ned til kyrkja.

Rom for morskjærleik



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

**Sjølvs fekk eg ikkje
utdanning, men har eit stort
håp for dottera mi**

Som ein oase midt i det kaotiske sjukehuset, ligg eit lite rom med sengeplass til seks nybakte mødrer. Der får dei ro, hjelp og kvile. Og kanskje au-gekontakt med babyen sin for aller første gong.

Tekst: Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland

Vi ser den vesle bylten med ein gong. I eit mjukt blått teppe mot den glisne plastmadrassen på senga av stål. Ein dag gamal. Mora sitter bøygd over jenta si, og blir liksom aldri ferdig med å stirre. Små grynt, nokre få rørsler med hendene, før søvnen igjen tar overtak. Det er roleg, stille og berre mumling i rommet. Opnar vi døra, ser vi eit folkehav av travle legar, pasientar og pårørande.

Viktig å følge dei opp

Det er ikkje så rart at alle spring, for sjukehuset Melka Oda i Shasamane skal gi helsehjelp til 400.000 menneske. På for liten plass og med for få tilsette. Men eit problem er løyst, og det er kor dei skal gjere av nybakte mødrer. For det var ei skikkeleg nøtt. Det var ingen ledige rom nokon stad på sjukehuset. Løysinga vart eit heilt nytt bygg midt på gardsplassen. Ikkje stort, men akkurat passe. Med støtte frå Kirkens Nødhjelp og samarbeidspartnar Tamra.

- For to år sidan hadde ikkje kvinnene som skulle føde eller hadde født, nokon stad å vere på sjukehuset. Men takka vere samarbeidet har vi no dette rommet. Det er i bruk heile døgnet, seier doktor Hawi Kidanu.

Berre i august i år vart det fødd 500 babyar ved





sjukehuset.

- Det er så utruleg viktig at vi kan følgje dei opp etter fødselen. Slik at dei kjem i gang med amminga, får gitt barna vaksiner og den helsehjelpa dei treng, forklarar ho.

Sidan pågangen er så stor, kan dei berre vere der i 24 timar etter fødsel.

- Vi skulle gjerne hatt dei der lenger, men vi får gjort mykje på 24 timar. Ikkje minst fortalt dei om at vi har helsestasjon og tett oppfølging av mor og barn på sjukehuset.

En helt ny start

Omringa av mor og søster, ligg 20 år gamle Fatoma Fayasa i ei av dei seks sengene. Sjølv om det korkje er laken eller pute på plastmadrassen, har familien sørgja for at ho ligg godt og mjukt. Hun skulle eigentleg føde på ein klinikk i landsbyen der ho bur, men ein dag gamle Caaltuu hadde ingen planar om å vente. Under eit besøk hos søstera i Shashamane, byrja plutselig fødselen. Då bar det rett til næraste sjukehus. For 46 kilometer vart for langt å reise på humpete vegar.

- Eg var veldig spent på korleis det skulle gå, sidan dette er det første barnet mitt, men det gjekk så fint, smilar ho.

Mange på hennar alder har allereie fleire barn, men sjølv har ho vore nøye med prevensjon.

- No passa det bra med barn. No var vi klare for å starte ein familie, seier Fatoma, som jobbar som bonde.

Tre svangerskapskontrollar har ho vore på. Ho har vore nøye med det for å ta vare på si eiga helse og babyen i magen.

No nyt ho den første dagen som mor på sjukehuset.

- Dei tilsette på sjukehuset har vore heilt fantastiske mot meg. Dei har passa på både meg og babyen min her i dette rommet. Eg har kjent meg trygg heile tida.

Ho trekk fram den første natta som spesielt viktig. For det er ikkje så enkelt å kome i gang med amminga heilt aleine.

- Eg er så glad for at eg fekk vere her med dottera mi.

Fatoma har store draumar for Caaltuu, for ho har ikkje lang skolegang sjølv. Berre fire år.

- Sjølv fekk eg ikkje utdanning, men har ei stort håp for dottera mi. Eg har alltid ønska meg meir utdanning og ville bli lege, men måtte arbeide på garden. Eg synest det er så morosamt å lære. No er ho mor for aller første gong, og seier ho har fått tru på ei annleis framtid.

- Det å ha fått ei dotter, betyr ein heilt ny start.

Slik gir du årets viktigaste julegåve:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gi 200 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248



TRUSOPPLÆRING: Vinter/vår 2020

Tårnagenthelg

1.-2. februar er det tårnagenthelg. Det er samling i Øn kyrkje laurdag frå 15.00 til 19.00 og i Hyllestad kyrkje søndag frå 10.00 til etter gudstenesta/kyrkjekaffi. Alder : 3.-4. klasse. Invitasjon kjem i posten.

Mini-konfirmant

Minikonfirmantane 2020 vert presenterte på tårnagentgudstenesta søndag 2. februar kl. 11.00. Då vil dei også få bibel. Deretter vert det 4 samlingar rett etter skuletid og til kl. 16.00 følgjande onsdagar: 5. februar, 26. februar, 11. mars og 25. mars.

17.-19.april vert det minikonfirmantweekend på Alværa. Då kjem det også minikonfirmantar frå Solund, Gulen, Lavik, Høyanger og Balestrand.

Søndag 24. mai kl. 18.00 er minikonfirmantgudsteneste med diplomutdeling.

Dei som går i 5. klasse vil få invitasjon i posten.

Myldresamlingar

er først og fremst for dei som vert 3 år i 2020 og eldre, men yngre søsken er også velkomne. Først vert det ei samlingsstund på ca. 30 min med bibelforteljing, song og lystenning. Deretter kan dei som vil vere igjen for å ete kvelds.

Myldresamlinga vert frå kl. 17.15 følgjande onsdagar: 15. januar, 12. februar, 18. mars og 15. april.

Mariahelg på Alværa misjonssenter, Lavik 2020



6-8 mars 2020, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, nyte naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat .

Tema for helga vert «Livsvandringa og trua» - korleis påverkar livsvandringa trua vår? Dei som skal lose oss gjennom temaet vert: Sokneprest i Jølster Silje Sørebo og psykologspesialist Yngvild Sørebo Danielsen. (Vi gler oss over at dei blir med oss slik som i 2019)

Spørsmål om helga/program -ta kontakt med Bente Rauboti Haukeland, tlf 916 92 908, epost bente.rauboti.haukeland@gmail.com

Kyrkje- og misjonsdag på Alværa

laurdag 11. januar 2020 kl. 10-16

Det har blitt ein tradisjon å byrje året med inspirasjonssamling for kyrkjelydane i området. Alværa har vore ein viktig leirstad i nærare 40 år, og vi trur den vil ha mykje å seie for kyrkjelydane også framover. Vi er mange som har erfaring med at det å samlast frå eit større område gir nye idear og eit gjevande fellesskap. Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt eller berre lytte og ta imot. I år vil det bli fleire korte innleiingar ved Toril Lange, Geir Sørebo, Svanhild Ask, Sissel Sørebo, Helle Kartveit og Hald-studentane Hasa og Marina frå Madagaskar.

Kva er det som kjenneteiknar eit liv i tru? Korleis kan bøn og bibel bli ein styrke i kvardagen? Korleis kan vi tene Gud der vi bur og samarbeide med gode krefter i lokalsamfunnet? Korleis kan det globale perspektivet komme inn, og korleis kan vi oppmuntre kvarandre til å leve enklare og ta vare på skaparverket? Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste leia av vikarprest Geir Sørebo og musikal Ole Agnar Helland. Om ettermiddagen kan ein delta på årsmøte for NMS, Ytre Sogn område.

På grunn av middagen er det påmelding til Alværa, tlf. 48990661. Programmet vil bli lagt ut på facebook i desember. Alle er hjarteleg velkomne!

Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn

Fin heider til Torbjørn Løland og Kvernsteinsparken

Det var mange her i Hyllestad som gledde seg no seinhaustes då Riksantikvaren sin kulturminne pris gjekk til Torbjørn Løland.

Kvernsteinsparken og arbeidet kring dette er noko som gjev Hyllestad og folket her identitet. På bispevisitasen for eit år sidan, var dette mykje framme.

Mellom anna fekk biskopen og pre-stane i Sunnfjord prosti ei fin omvising i Kvernsteinsparken av Per Storemyr.

Biskop Halvor Nordhaug var og innom Åfjordstein og såg på arbeidet hans der, og let seg imponere.

Björgvin biskop har i mange år no vore ein som har motteke mange steinkrossar og anna som Torbjørn har produsert. Så har det vore fine gå-veartiklar ved årsmålsdagar, ulike jubileum , og anna i bispedømet. Så der er mange steinkrossar laga i Hyllestad rundt omkring i dette bispedømet og også utover landet.



Hyllestad kyrkje

– vedlikehald av vindauga på nedsida av kyrkja



Eitt av tre vindauga på nedsida av kyrkja er no ferdig rehabilitert på utsida, men må òg ha innvendig vedlikehald. Vi var klar over at det var på høg tid at vindauga mot nord-vest vart vedlikehaldne, men dessverre er tilstanden på vindauga dårlegare enn vi var klar over. Det var ein del råteskade i sprosser og karm som medførte noko utskifting av treverk. Rutene vart tekne ut, treverk vølt, før rutene vart sett i att, knuste ruter erstatta og kitta med linoljekitt før måling.



Det hastar difor å få vedlikehaldet også dei to andre vindauga, men til det er vi avhengig av midlar frå kommunen.

Dei tre vindauga på oppsida av kyrkja vart kitta på nytt ut-



vendig i samband med måling av kyrkja i 2018. Tilstanden på desse vindauga var betre, så dette vart gjort utan å ta ut alle rutene, men knuste ruter vart skifta, så dei vindauga må halde ein del år.

I tillegg til utvendig vedlikehald, må som nemnt også vindauga få innvendig vedlikehald. Det gjeld av alle seks vindauga.



Innvendig vindaugsvedlikehald bør gjerast like etter at det ytre vedlikehaldet er ferdig. Dette på grunn av at det er umogeleg å ikkje «skitne til» glasrutene under arbeidet. Handverkaren som utfører arbeidet ønskjer difor å kunne gjere seg ferdig både utvendig og innvendig.

Innvendig vedlikehald er slik skildra av handverkaren: «Ta ned varevindauga, lage stillas, skrape og vaske. Bore hol nede og oppe for lufting. Grunne og to fulle strøk med linoljemaling. Legge pakningar/tetting i varevindauga, montere dei.»



«Festaren har plikt til å holde graven i hevd.» Kva tyder det?

I Gravferdsloven's § 15, første ledd, siste ledd (setninga) står dette. I Forskrift til gravferdsloven er dette omtalt slik i § 26. Ansvar, første punktum.

«Eieren er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på gravplassen,»

Skrifta på gravminnet skal vere godt leseleg, det er føresetnaden for å få feste grava. Dersom det er vanskeleg å lese kva som står på gravminnet er det til forfall.

det står framleis ein del gravminne som kunne ha fått oppfriska skrifta.

Oppussing av gravminne og innhogging av namn.

Vi formidlar kontakt med ein skrifthoggar som kjem til Hyllestad vår og haust. Han både pussar opp gravminne, fornyar skrifta og høgg inn namn på gravminne.

Formidling – sal av gravminne.

I tillegg til å formidle kontakt med skrifthoggar om oppussing og innhogging, har vi også starta med å formidle sal av nytt gravminne. Sal frå Nergård steinindustri.

Etter gravlegging skal det gå seks månadar før gravminne kan setjast opp.

Vi har knytt kontakt med eit firma om formidling av sal av gravminne. Nergård Steinin-

dustri er eit gammalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølve.



På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkjekontoret vil ha katalogar som du kan låne. Du kan òg besøke nettsida deira <http://www.nergard.no/>

For å formidle desse tenestene får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplassvedlikahald.

For begge formidlingane tek du kontakt med Aslak Åm Sognnes tlf. 97 58 32 90



På gravplassane i Hyllestad kommune ser vi at pårørende er flinke til å stelle gravene dei har ansvar for. Men

Glede og sorg

Døyppte

Hyllestad:

Sonja Sjølingstad Borlaug

Viktor Tveito

Madelen Kvellestad Ekreskar

Døde

Hyllestad:

Reidun Holmeseth f.1934

Ingeborg Leira f.1944

Svein Arild Dale f.1972

Øn:

Harald Tonning f.1938

Bø:

Ove Magnar Aven f.1947

Ansgar Martin Forthun f.1957



Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte
hjelpе dykk som pårørande,
med alt som høyrer
ei verdig gravferd til.



Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no

**Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. (3 nr pr
år) med annonser til fylgjande
prisar:**

Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

*Ta kontakt med kyrkjekontoret
i fall di bedrift ynskjer ha ei
annonse i bladet for, på den
måten, å støtta kyrkjebladet.*

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggingsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no

SPAR 
Hyllestad
ÅPEN 09-20 (18)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere **din bustaddraum!**

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
 - Eigen prosjekteringsteneste
 - Byggeleiing og prosjektleiing



6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no

Velkommen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no og på facebook

15.des. Hyllestad	kl.19:00	Julekonsert m.andakt. Kollekt v.utgangen
22.des. Eiklund omsorgssenter	kl.11:30	Adventsgudsteneste
24.des: Øn	kl.14:00	Takkoffer Kirkens Nødhjelp
Bø	kl.16:00	Takkoffer Kirkens Nødhjelp
25.des: Hyllestad	kl.12:00	Takkoffer Mali
31.des: Hyllestad	kl.15:00	Gudsteneste ved årsskiftet. Takkoffer Opne Dører

JANUAR

12. Bø	kl.16:00	Takkoffer sjømannskyrkja
19. Alværa	kl.11:00	(Konf.leir m Hyllestad, Lavik, Bj/Ortnevik m.fl.)
26. Øn kapell	kl.11:00	Takkoffer Mali

FEBRUAR

2. Hyllestad	kl.11:00	Tårnagenthelg . Bibelutd. Minikonf. Takkkoffer trusopplæringsarbeidet
16. Hyllestad	kl.11:00	Takkoffer Alværa misjonscenter

MARS

1. Bø	kl.11:00	Takkoffer kyrkjelydsarbeidet
8 . Øn	kl.11:00	Takkoffer Sygnarussen sitt prosjekt
15. Hyllestad	kl.16:00	Årssamling AS Takkkoffer kyrkjelydsarbeidet
29. Hyllestad	kl.16:00	Samtalegudst m. konf. Hyllestad og Lavik. Takkoffer trusopplæringsarbeidet

APRIL

9. Hyllestad	kl.18:00	Påskemåltid. Den norske Israelsmisjon
10. Bø	kl.11:00	Langfredag Takkoffer kyrkjelydsarbeidet
12. Øn	kl.11:00.	Påskedagsgudsteneste. Takkoffer Strømmestiftelsen
13. 2.Påskedag Eiklund omsorgssenter	kl. 11:30	
26. Bø	kl. 11:00	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer trusopplæringsarbeidet

MAI

1. Hyllestad gamle kyrkjegard	kl. 15:00	«Arven frå vest»- kort gudst., i samband med pilgrimsvandring (start v Akse) Takkoffer misjonsprosjekt Mali
3. Hyllestad	kl.11:00	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer trusopplæringsarbeidet
10. Øn	kl.11:00	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer trusopplæringsarbeidet
17.mai: Hyllestad	kl.11:30	Festgudsteneste Takkoffer Fjordklang
24.mai: Hyllestad	kl.18:00	Minikonf. avslutning /Fam.samling/gudst.
31.mai: Hyllestad	kl.11:00	Pinsedagsgudsteneste (evt. i friluft) Takkoffer Norea mediemisjon

INFORMASJON

Returadresse.

Kyrkjekontoret

Lifjordvegen 7

6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2019 – 2023

Faste medlemer:

Linda Ølmheim
Reidun Skår
Steinar Urnes
Anny Dale Fureli
Liv Synnøve Andersen
Brit Inger Skaar

Varamedlemer:

1. Atle Tonning
2. Odd Takle
3. Magnhild Hofland
4. Kurt Arve Kjos
5. Rune Risnes

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00

Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde • Kontortid tysdag

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Linda Ølmheim - Mobiltelefon: 976 20 937

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no